

Anerekkja åt farmor VALBORG ERTESVÅG f.GARSHOL

(ved Ivar S. Ertesvåg, november 2006)

Denne lista inneheld 5 ættledd, til og med farmor sine tipp-oldeforeldre, eller mine tipp-tipp-tipp-oldeforeldre. Sjå merknader om nummerordning og kjelder på eige ark.

For dei fire første ledda er slektskapen mellom foreldre og barn dokumentert; dvs. at den voksne i eit ættledd er same person som barnet til det eldre paret. I det femte ættleddet er slektskapen fullt dokumentert for seks av dei åtte para. For to av para kan slektskapen reknaast som sikker, men ikkje dokumentert frå samtidige kjelder. Sjå meir under kvart par.

1. VALBORG Eliasd. GARSHOL (Ertesvåg), f.23.11.1903 - d.9.11.1994
gift 30.11.1927 Sverre Antonson Ertesvåg, f.27.7.1905 - d.14.5.1981
nytt bruk i Ertesvåg 1931 (U4.467,463,410)
7 born, 21 borneborn

Det nye bruket, Vestbø (bnr.3) var eit jordstykke utskilt frå bnr. i 1929. Skøytet er tinglyst i 1931 og kjøpesummen var kr. 500. Samstundes kjøpte Sverre og Valborg to utmarksteigar som høynde til Dimnasund, men som grensa mot Ertesvåg. Den eine frå Valborg sine foreldre for kr. 300, den andre frå morbroren hennar, Andreas Johannesson Garnes, for kr. 525. Realpanteregisteret fortel at dei lånte 2500 kroner i 1932 og 3400 kroner året etter.

[10,11]

2. ELIAS RASOFIEL Vilhelmson GARSHOL, f.14.2.1873 - d.25.9.1935
3. JOHANNE PETRINE Johannesd. GARNES (Garshol), f.22.11.1878 - d.5.1.1970
gifte 13.1.1901, dei kjøpte ein del av prestegarden i Dimnasund i 1906, bnr.8 Åsheim (U4.410,221,175). Eldste dotter Agnes er fødd på Strandabøen og Valborg er fødd på Osnes. Elias er kalla fiskar og målar. Resten av borna er fødde på Åsheim Dimnasund. Ved eitt høve (Erling døypt) er Åsheim ført som familienamn, elles Garshol.

Born:

- I Agnes f.1.11.1901 - d.30.11.1930 (ugift)
- II VALBORG JOHANNE f.23.11.1903 - d.9.11.1994 (sjå ovanfor)
- III Jon Erling f.19.3.1906 - d.28.7.1989, g.22.10.1939 Mathilde Andrea Rasofieldsd. Dimmen, f.6.7.1910 - d.16.4.1986, dei tok over garden, 5 born (U4.410)
- IV Judith Svanhild f.11.8.1908 - d.6.6.1994, g.16.5.1937 Ole Andreas Tobiasson Vågen f.26.9.1899 - d.20.4.1982, busett i Dimnasund (U4.414)
- V Erling Rolf f.28.8.1910 - d.22.1.1985, g.1947 Magnhild Anny Olafsd. Nedrelid, Hareid, f.17.2.1913 - d.14.2.1999, busett på Saunes, 2 born (U4.327,Ha6.430)
- VI Borghild f.27.8.1912, g.5.7.1935 Simon Antonson Ertesvåg, f.29.9.1909 - d.6.8.1965, busett i Dimnasund, 4 born (U4.412)

- VII Peder Magnulf f.16.11.1914 - d.8.7.1999, g.1942 Oddrun Rasmusd. Gardshol, frå Øvreliid, Hareid, f.27.4.1914 - d.5.6.1991, busett på Saunes, 1 barn (U4.325,Ha6.387). Peder var sløydlærar.
- VIII Rønnaug f.12.6.1917, g.1944 Johannes Georg Korneliusson Dimmen, f.6.5.1912 - d.19.8.1974, busett i Dimna. (U4.505).
- IX Sverre f.21.5.1920 - d.20.12.1971, g. Ingrid Samundsd. Holmevik, frå Bjørkedalen, Volda, f.13.6.1924, busett i Dimnasund/Lisjeåsen, 4 born. (U4.417). Sverre var snikkar.

I folketeljinga 1900 for Ulstein er både Elias og Johanne registrerte hjå foreldra, men melombels busette i Ålesund. I teljinga for Ålesund finn vi begge regitrerte som losjerande i eit logihuus i Toldbodgade, der det budde 24 losjerande i tillegg til familien til eigaren, malarmeister Jon Høsteng. På teljingstidspunktet (3.12.) var begge fråverande.

Kjelder:

Elias, Johanne: kb.Ulstein (f.), klb.Ulstein (g.), Gravsteinen (Elias d.), Vikebladet (Johanne d.), F1900 (Ulstein, Ålesund)

Borna: klb.Ulstein (alle f.; Valborg, Jon, Judit, Borghild g.), Vikebladet (Jon g., Peder d.), Gravsteinar (Jon, Judith, Erling, Peder, Sverre d.)

Ver-born: klb.Ulstein (Sverre, Mathilde, Ole, Simon, Johannes f.), klb.Hareid (Magnhild, Oddrun f.), klb.Volda (Ingrid f.), Gravsteinar (Mathilde, Ole T., Magnhild, Simon, Oddrun, Johannes d.)

Ved dåp er foreldra namngjevne, fedrene ved gifte.

Bygdebøkene.

Frå Vikebladet 12.12.1930:

“Agnes Garshol In memoriam.

Tenk at ho er burte. So brått so uventa kom syrgjeboden. Det er so undarleg. Eg kan ikkje få meg til å tru at det er sant. Ho var så tirande – ljos og blid. Livsglad og vonrik stod ho no i sin bedste ungdom. Alltid var ho blid og venleg. Eg hugsar ho frå mine fyrste skuledagar. Då gjekk ho i dei største klassane, men alltid tok ho oss småkrypane i forsvar og hjelpte oss. Ho var blid og snild mot alle, og det var liksom ingen som fekk til å vera trollunge når ho var i lag.

Ein ljos blidleik fylgte henne og upp igjennom ungdomsåri. Det var alltid gildt å møta henne Agnes. Alltid kom ho imot meg med sitt ljose smil. Um ho var i byen ’berre so aller snarast’ so hadde ho likevel tid til å vera blid, snakka og fortelja nytt heimanfrå. Var det ei helsing eller eit bod ho kunde ta med heim, so gjorde ho det so hjartans gjerne. Aa, kor gildt det er, for den som sjeldan når heim, å møta nærare heimen; ein vert so glad og takksam. Slik gjekk det alltid meg når eg råka Agnes.

No råkar eg ho aldri meir her. Mi takk kan heller ikkje nå henne. Men minni um henne vil leva ljest i min hug ljest liksom ho sjølv var ljos. Og eg kjenner djup medkjendsla med dei som stod henne nærest i livet. Aa hvor mykje ho måtte vera for dei. No er ho burte. Ljoset er slokna. Me står undrande og spyrgjande attende -----

’Alltid tages de bort som er best’ Ja, det er sant. Det vert tendt slike små menneskjeljos i verdi som lyser venare enn andre, og som ljosenes skapar og berre finpussar gjennom livet – ofte ved liding. So ein dag når me tykkjer at ljoset brenn som klårast, då sloknar det her. Men i æveheimen blinkar det med fullkommen reinheit – blinkar – vinkar og viser veg. Eit slikt ljos var ho Agnes. Signa vere hennar minne. Jenny Gjærde.”

[20,21]

4. VILHELM MARTIN Villikson HÅHEIM (Garshol), f.16.5.1836 - d.12.1.1918
5. JOHANNE ELISABET Larsd. OSNES (Garshol), f.5.3.1838 - d.11.2.1927 (91 år)
gifte 8.7.1866, dei kjøpte Garshol bnr.5 i 1866 (U4.221,150,U3.294)
Foreldre: nr.8-11 [40-43]

Born:

- I Lina Gurine f.13.10.1866 - d.3.3.1958, g.1.10.1890 Johan Severin Rasmusson Sundgot, f.17.4.1865 - d.10.3.1947, på Sundgot bnr.2 (Legene), 4 born. (U4.434) Han er soneson til nr. 12,13 [44,45]
- II Serina Vilhelmina, f.13.1.1870 - d.2.3.1870 (ikkje i bygdeboka)
- III Sigvald Matias Andreas f.8.3.1871 - d.1.5.1933, g.23.4.1897 Martine Karine Olsd. Steinnes, Ørsta, f.4.6.1870 - d.8.4.1944 (Ø1.656). Dei tok over garden (U4.221). Dei hadde ikkje born og Martine selde garden i 1933 til Thor Eidem.
- IV ELIAS RASOFIEL f.14.2.1873 - d.25.9.1935 (=nr.2[10], sjå ovanfor)
- V Johan Helmer (Hilmar) Laurits f.8.2.1877 - d.19.8.1925, g.30.4.1905 Anna Erikka Gurine Pålslsd. Hofset, f.4.11.1882 - d.25.3.1947, busett på Hovset, 7 born. (U3.568)
- VI Gina Inga Karoline f.15.7.1879 - d.3.11.1959, først g.8.5.1903 Isak Tobias Ellingson Roppen, f.19.9.1877-d.15.9.1905, han forliste med fiskeskøyta "Celina Maud" på heimveg frå Island, saman med broren Elling og 5 andre (U3.111, Folk ved havet 3.126,368) (1 barn), oppattg. 6.11.1910 enkjemann Kristian Knutson Eikrem, Volda, f.14.1.1875 - d.5.1.1955, busett I.Dimna, 3 born. (U4.503,V1.104)
- VII Petra Vilhelmine Josefine f.25.10.1883 - d.3.7.1974, g. Aksel Sigvard Bentson Lillevoll, Y.Hauge, Sande, f.15.10.1886 - d.6.11.1956. Busett i Glomfjord, Nordland, seinare i Ulstein. (Sa1.287)

I folketeljinga 1900 finn vi Vilhelm og Johanne som kårfolk hjå Sigvald og Martine på Garshol. Elias (fiskar og lausarbeidar) er ført her, men fråverande og mellombels busett i Ålesund, Johan (tenestegut og fiskar) og Petra (tenestetaus) bur heime.

I folketeljinga 1865 finn vi Johanne heime hjå foreldra (sjå der), og Vilhelm (skomakar) som losjerande hjå foreldra hennar.

Kjelder:

Vilhelm, Johanne: kb.Ulstein (f., g.), klb.Ulstein (Vilhelm d.), F1865, F1900

Borna: kb./klb.Ulstein (f.; Lina, Sigvald, Elias, Johan, Gina g.; Gina g2.; Serina, Johan d.), Vikebladet (Sigvald d.)

Ver-born: kb./klb.Ulstein (Johan, Johanne, Anna, Isak f.; Isak d.), kb.Ørsta (Martine f.), kb.Volda (Kristian f.), kb.Sande (Aksel f.).

Ved dåp er foreldra namngjevne, fedrene ved gifte.

Aarvak (lokalavis, kom ut i Ulsteinvik 1916-1919). Bygdebökene (feil f.år for Kristian Eikrem), Folk ved havet (Bjarne Rabben).

Frå lokalavisa Aarvak 15.7.1916:

Vilhelm Garshol og kona Johanne hadde gullbrudlaup no laurdag 8. juli. I det høve var der i brudlaupshuset møtt fram ei mengd av slekti og gardsfolket for aa ynskja gullbrudeparret til lukka. Som alle veit so ligg gamle Vilhelm no tilsengs og hev so lege i nær 12 aar. Han er fullt aandsfrisk. Vilhelm er fødd paa Haahjem i 1836, gjekk i skule mest hjaa gamle Skul-Ola so ei 2-4 dagar um aaret, vart konfirmert av Vraamann og for so ikring og tente til han gifte seg og kjøpte gard paa Garshol. Kona hans, ho Johanne er fødd paa Osnes, syster til Bernt og Andreas Osnes, og fødd 1838. Dei hev 6 born som lever, 1 er dødt, og 16 borneborn. Desse gamle hev vore av den gamle sorten, Straëvsame og reale i all si ferd, av desse som i det stille byggje landet. Det var hyggelegt aa faa vera ilag med desse 2 gamle paa gullbrudlaupsdagen. Dei som var tilstades vart vel fagna og trakerte. Leid paa kvelden samlast dei som var tilstades kring sengi hans Vilhelm og Hans Osnes sa nokre ord til dei 2 gamle hædersfolk i samhøve med dagen. Deretter tala Vilhelm sjølv klaart og greidt over ordi: "Gud vil ikkje døden aat nokon syndar, men at han skal venda um og leva". Manande og frimodigt tala han og det var godt aa høyra denne no hart prøva mannen.

Tilslut takka han alle som synte honom og kona vyrdnad og æra denne dagen og vona aa faa møtaast med rett mange av dei som no sat ikring han i den store brudlaupssal.

Gamle Vilhelm ligg no der og ynskjer gjerne at nokon ser til han. Gjer vel so mange som kan aa sjaa innum til han. Ein hev att for umaken.

O.

frå Vikebladet 5.mai 1933:

† Sigv. W. Garshol

Med djup sorg og medkjensla vart bodskapen um Sigv. W. Garshols bråe død motteke av vene og kjenningar, som han ved sitt gode lune sinnelag hadde vunne mange av.

Det var ikkje lett, straks å skyne at han no var burte, me som til dagleg var saman med ham, og vande til å sjå denne friske trauste mannen i trotugt arbeide heime på garden sin, som han til sin død hev skjøtta og stellt med på ein mynsterværdig måte.

Han var særst godt likt blandt grannane sine. Var nokon i naud og trongde ei hjelpende hand, stod han alltid rede, det var ikkje nai i hans munn når nokon bad om ei venneteneste.

Me vil so segja deg, at virke dit hjå oss hev sett frukter og minner, som aldri vil døy. No, fyrst då du er burt, skynar me heilt ut, kva sakn det vert, for slekt og vene som stend att.

Sigv. W. Hasund var fødd i 1870 på garden Gardshol, og var odelsgut. I yngre år tente han og nokre år på Saunes, hjå Andr. K. Saunes. Han vart gift med Martine f. Steines fra Ørsta. Dei hadde ingen born.

Me lyser fred og signing yver minnet ditt.

[22,23]

6. JOHANNES MARTINUS Ivarson SUNDGOT (Garnes), f.25.4.1841 - d.26.10.1937 (96 år)

7. ANNE MARIE Andreasd. STEINNES (Garnes), f.5.8.1848 - d.17.12.1937 (89 år)

gifte 6.7.1873, kjøpte Garnes bnr.5 i 1877 (U4.175,433,Ø.330,Ø1.648) Dei to eldste borna fødde på Sundgotlegene. Johannes er kalla snekkar og fiskar.

Foreldre: nr.12-15 [44-47]

Born:

- I Iver Sigvald Laurits f.2.12.1874 - d.5.12.1973 (99 år), g.30.5.1898 Karen Marie Hansd Grimstad, Hareid, f.13.2.1873 - d.29.11.1943. Dei tok over garden, 10 born. (U4.175,Ha5.532)
- II Andreas Kornelius f.13.9.1876 - d.31.5.1964, g.28.7.1901 Ingeborg Ragna Josefine Olsd. Holseker, f.23.1.1875 - d.3.5.1946. Dei kjøpte ein del av prestegarden i Dimnasund (bnr.7, "Lundheim") i 1906, 3 born. (U4.409,U3.601) Førte med etternamnet Lundheim ved fleire høve.
- III JOHANNE PETRINE f.22.11.1878 - d.5.1.1970 (=nr.3, sjå ovanfor)
- IV Synnøve Marie f.16.12.1880 - d.1972, g.28.1.1906 Olaf Johan Olson Liavåg, f.9.7.1879 - d.1945, busett i Ålesund (Ha6.309). Dotter Oddlaug f.1906, g.1927 med Monrad Norderval, f.1902, sokneprest m.a. i Ørsta (1935-48) og Ålesund (1948-), biskop i Nord-Hålogaland (1962-72). (Ø2.138)
- V Anna Kristine f.17.2.1884, g.8.11.1903 Johannes ("Jon") Olaf Berntson Osnes, f.13.6.1876 - d.8.10.1950, soneson til nr.10,11 [42,43]. Busett på Osnes, 10 born. (U3.297)
- VI Peder Johannes Elias, f.29.3.1887 - d.7.3.1890

I folketeljinga 1900 er Johannes og Anne Maria kårfolk hjå Ivar og Karen (med eitt barn, Johannes f. 1899) på Garnes. Borna Andreas (fiskar og lausarbeidar), Johanne ("syerske, Kjoles.") og Synnøve ("Tjenestepige") er også førte her, men mellombels fråverande (Andreas på Osnes, Johanne og Synnøve i Ålesund). I teljinga for Ålesund finn vi Johanne, Synneve og Vilhelm (sjå ovanfor) i eit losjihus i Toldbodgade.

Kjelder:

Johannes, Anne Marie: kb.Ørsta (Anne Marie f., konf. 1863), kb.Ulstein (Johannes f., g.), Vikebladet (d.)

Borna: kb./klb.Ulstein (f.; Iver, Andreas, Johanne, Synnøve, Anna g.; Peder d.)

Verborn: kb.Ulstein (Ingeborg, Vilhelm, Johannes f.), kb.Hareid (Karen f.)

Ved dåp er foreldra namngjevne, fedrene ved gifte.

Bygdebøkene. "Prester i den Norske Kirke" (Land og Kirke, 1974).

frå Vikebladet 22. april 1937:

96 år

Johannes Garnes

fyller 96 år sundag 25. april, meddi han vart fødd på Sundgodtslege den 25/4 1841.

I ein årrekke dreiv Garnes som bygningsmann, eit fag han var godt skikka til, då han sat inne med fagkunnskap og stor dugleik på dette område.

I 30 års alderen gifte Johannes seg med Anne Marie Steinnes fra Ørsta, og kjøpte like etter gardsbruket på Garnes, der han slo seg ned og bur framleides.

Garnes hev havt 7 born, og derav lever 5.

*Johannes Garnes hev vore ein ihuga arbeidsmann som hev honge i tidleg og seint og rudit
steinute skrapmarker, so dei hev vorte frodige åkrar og eng.
No siste hev Garnes vore noko sjukleg og hev halde senga.
Me vil ynskja jubilanten lukke til med åremålsdagen.*

frå Vikebladet 28.oktober 1937:

Johannes I. Garnes

*døydde tyrsdagskvelden etter umlag 1 års sjukelege. Johs. Garnes var no over 96 år gammal og
vonleg ein av dei eldste innvånarane i Ulstein.*

*Garnes var ein evnerik og klok mann. I sin ungdom tok han den lågare lærarprøva og dreiv
i nokre år som lærar, men dette yrket treivst han ikkje med, og gjekk istaden over til bygningsfaget, eit fag han var godt skikka til med den gode innsikt han hadde.*

*Elles var Garnes ein mann som åtte stor tiltru millom folket, og han vart mykje nytta i det
kommunale styr og stell. I heradsstyret sat han soleis som medlem i umlag 30 år, og i fatigstyret
millom 30–40 år.*

*Like inntil for eit par år sidan var han å segja arbeidsfør og var med i dei daglege gjeremål,
og det er soleis eit langt arbeidsliv som ligg attum den staute mannen.*

Fred over minnet!

frå Vikebladet 22.desember 1937:

Dødsfall Anne Marie Garnes f. Steinnes døydde 7.des 89 år gammal. Ho vert gravlagd i dag.

::: OLDEFORELDRE :::

[40,41]

8. VILLIK Villikson DJUPVIK (Håheim), f.16.3.1793 - d.8.7.1856

9. MASSI MARGRETE Kristiansd. HÅHEIM, f.24.4.1798 - d.25.4.1877

gifte ca.1820, bygsla Håheim bnr.1 saman med Kristian frå 1823, åleine frå 1843
(U4.150,149,He2.509)

Foreldre: nr.16-19 [80-83]

Born:

I Ingebrigt Villum f.4.4.1821 - d.20.4.1868, g.1844 Anna Olsd. Myklebust, Sande, f.1816 - d.5.11.1858. Busett Myklebust, Sande (Sa1.430). Ingebrikt vart spillsjuk og døydde på Reknes hospital i Molde.

II Elias Martines f.1823 (dp.6.10.) - d.13.1.1915 (av "alder"), g.22.7.1851 Anne Olave Paulsd. Høgstøyl, Volda f.15.3.1826 - d.6.5.1905 (av "alderdomssvaghed"), busett Håheim, 4 born. (U4.153,D.308)

III Serine Ragnhilde f.11.12.1826 - d.14.8.1851, ugift.

IV Gjertrud Maria f.22.11.1829 - d.15.12.1922 (av alderdom, på gamleheimen), ugift, hadde to søner.

V Kristianne f.21.1.1833 -d.(e.1900), g.20.5.1872 enkjemann (Bård) Johannes Sjurson Ødegård, Eiksund, f.1816 - d.6.3.1902, busett Selvåg (He3.390,311)

VI VILHELM MARTIN f.16.5.1836 - d.12.1.1918 (=nr.4 [20], sjå ovanfor)

Bygselbrev 13.sept.1823 frå C. Rønneberg til Villik Villikson Djupvik på halve bruket som Kristian Matiasson "goevilligien have afstaaet". I vilkårsbrev 31.okt.1823 tek Villik på seg å svare kår "til min Værfader Christian Mathiasen og Hustrue Gjærtrud Jensdatter ..."

I folketeljinga 1865 er Massi (67 år, dvs f.1799) føderådkone hjå Elias og Ane Olave (43 og 39 år, dvs. f.1823 og 1827; 3 born) på Håheim. Gjertrud (35 år, dvs. f.1831) er tenestetaus på Saunes (Lars Torgeirson Saunes sin husstand). Ingebrigt (44 år, dvs. f.1822) har kår hjå sonen Severin (21 år, ugift, "Gaardbr., selveier") på Myklebost i Sande sokn. Sonen Johan (ugift, 20 år) bur også der.

Kjelder:

Villik: kb.Herøy (dp.), Ulstein.1833 (f., dp.), kb.Ulstein (d.), F1801 (Djuvik, 8 år)

Massi: Ulstein.1833 (f., konf.), kb.Ulstein (d.), F1801 (Håheim, 4 år), F1865.

Borna: Ulstein.1833 (Ingebrigt, Elias, Serine, Gjertrud f.), kb.Ulstein (Kristiane, Vilhelm f.; Vilhelm g.; Elias, Serina d.; Gjertrud d. - fødselsdato innført), kb.Volda (Elias g.), kb.Rovde (Kristiane g.), F1865 (Håheim, Saunes i Ulstein; Myklebost i Sande), F1900 (Selvåg i Herøy: Johannes 1816 og Kristiana 1833, føderådsfolk; Hovset: Gjertrud, f.1835)

Ver-born: kb.Volda (Anne Olava f.), kb.Ulstein (Anne Olave d.)

Frå 1833 er foreldra namngjevne i kyrkjeboka ved dåp, fedrene ved gifte.

Bygselbrev og vilkårsbrev 1823 (S.Sunnmøre Pantebok C, fol.12 og 13.), og 1843 (Pantebok E, fol.155 og 157.)

Bygdebøkene.

[42,43]

10. LARS ANDREAS Jonson OSNES, f.feb.1807 - d.2.7.1884
11. (BERTE) GURINE Olsd. N.RISE (Osnes), f.7.9.1809 - d.28.2.1849
gifte 11.6.1837, gardbrukar på Osnes 1843, Gotebakkane (bnr.7) etter utskifting i 1868/69 (U3.294,Ha6.72)
Foreldre: nr.20-23 [84-87]

Ved barnedåpane og gravferda er ho kalla Gurine i kyrkjeboka, så det må vere det namnet ho brukte.

LARS oppattgift 1.6.1851 Gjertrud Arnesd Ytreflø f.20.4.1825 - d.9.2.1926 (U3.30)

Born:

(LARS med Oline Knutsd Dimnasundås):

- I Larentse f.feb.1832, g.30.6.1861 Karl Knutson Haukeland, Syvde, f.1836 - d.29.5.1877, busett Aurvåg, Herøy. (He2.591)

(LARS og BERTE GURINE):

- II JOHANNE ELISABET f.5.3.1838 - d.11.2.1927 (91 år) (=nr.5 [21], sjå ovanfor)
- III Andreas Olai f.23.7.1840 - d.19.1.1928, g.2.7.1871 Ingeborg Marta Iversd Osnes, f.10.6.1841 - 1.10.1908, tok over halve farsgarden på Osnes i 1871 (U3.295)
- IV Bernt Rasmus f.12.9.1842 - d.12.3.1912, g.9.7.1871 Anne Marta Johannesd Nesset, Hareid, f.2.12.1844 - d.31.10.1929, tok over halve farsgarden på Osnes (bnr.9) i 1871 (U3.297)
- V Oline Andrine f.14.8.1845 - d.3.11.1898, først g.29.6.1880 Karl Pederson Grimstad, Hareid, f.5.8.1836 - d.2.7.1890, dei budde på Sundgot (Skulegarden, bnr.4) til 1887 (U4.440), og flytte så til Osnes (U3.308). Oppattg. 23.5.1893 Ole Johannesson Vik, f.13.4.1847 - d.5.2.1918 (U3.454). Mødrene deira var systre. Oline hadde ikkje born.
- VI Lisabet Regine f.6.3.1848 - d.20.12.1871, g.4.6.1871 Gerhard Ingebrigtsen Sundgot, f.21.7.1848 - d.9.9.1929, på Gerhardgarden (bnr.3), Sundgot. (U4.437) Lisabet døydde i barnseng med tvillingar fødde dagen før (19.12). Den eine, ein gut, var dødfødd. Den andre, som fekk namnet Lisabet Johanne, døydde nokre timer etter mora.

(LARS og Gjertrud):

- VII Gurine Andrine f.13.1.1852 - d.1938, g.1.7.1877 Johannes Martinus Paulsson Myklebust, Vartdal, f.10.9.1854 - d.1929. Busett Myklebust, 7 born (Va1.528)
- VIII Anne Marie f.6.11.1853 - d.16.1.1937, g.2.11.1876 Rasmus Tobias Johannesson Ulfstein, f.9.7.1849 - d.8.3.1940. Busett Osnes (U3.339).
- IX Laurits Nikolai, f.23.12.1855 - d.1949, g. Berntine Jakobine Kaspersd., f.1865, busett i Løding i Bodin,Nordland. Han er tømmermann ifl. flyttemelding 1884 og F1900.
- X Regina Elisa f.5.9.1858 - d.25.4.1936, g.11.6.1889 Rasmus Johannes Olsson Ulstein, f.17.11.1844 - d.25.1.1925. Rasmus kjøpte farsgarden (Jensgarden, bnr.17, Ulstein) i 1881 for sparepengane sine. Like etter gjekk banken konkurs, og han ville ha tapt pengane om han berre hadde bygsla.
- XI Peter Sigvald f.25.12.1860 - d.21.7.1885

XII Hans Nikolai Wråman f.17.6.1863 - d.3.1.1943, g.(i USA) Anna Eliasd. Torset, Rovde, f.25.12.1861 - d.14.7.1941. Han reiste til N.Dakota i 1892, heimatt i 1901, busett Osnes. Han nytta Larsen som familienamn. (U3.341,UHAM.117).

XIII Anna Gerhardine f.12.2.1866, g. Kristoffer Larsson Moltu, f.1865 reiste til USA. (UHAM.117,He3.204?)

XIV Olaf Peter Edvard f.2.1.1869 - d.1938, g.(før 1900) Kristianna Sofie Ingebrigtsen, f.1867, busett Ålesund. Olaf var "Handelsreisende" i F1900.

I folketeljinga 1865 (31.des) finn vi Lars 59 år og Gjertru 42 år (inneverande år medrekna) på Osnes med borna Andreas 26 år ("hjelper Faderen"), Berent 24 (snikkar), Laurits 11, Peter 5, Hans 3, Johanne 28, Oline 21, Gurina 15 og Rigina 8, alle ugifte. Kårfolket, Rasmus 75 år og Lisbet 98 år har eige hushald. Vilhelm Villikson, 30 år, skomakar, bur på garden. Det må vere komande verson, nr.4[20], dei gifta seg eit halvår seinare.

I Aurvåg ("Overvaag") i Herøy finn vi Karl ("Karel") 31 år og Larentse 34 år med dottera Karoline 2 år. Dei har tenestetausa Anne M. Larsd. 13 år, f. i Ulstein; det må vere systera, nr.VIII.

I folketeljinga 1900 finn vi Laurits og Berntine i Bodin, Nordland, på Løding (gnr.70) som "Gaardbruger, selveier og tømmermand". Fire born f. 1889-1898.

Kjelder:

Lars, Berte Gurine: Ulstein.1833 (f., konf.), kb.Ulstein (g., Lars g2., Gurine d.), klb.Ulstein (Lars d.), F1865 (Osnes)

Gjertrud: Ulstein.1833 (f. år – ikkje dato)

Borna: Ulstein.1833 (Larentse f.), kb./klb.Ulstein (Johanne, Andreas, Bernt, Oline, Lisabet, Gurina, Ane Marie, Laurits, Regina, Peter, Hans, Anne, Olaf f.; Larentse, Johanne, Andreas, Oline, Lisabet, Anne Marie, Regine g., Oline g2.; Lisabet og tvillingar d.; Laurits flyttemelding Nordland 1884, Anna flyttemelding Eid 1891, Hans Nikolai flyttemelding til Amerika 1892), kb.Hareid (Bernt, Gurine g.), F1865 (Osnes, Aurvåg), F1900 (Ålesund, Toldbodgade: Olaf og Kristianna som eigen husstand m. ei tenestetaus, ikkje born), F1900 (Bodin, Løding Møllebakken: Laurits og Berntine, 4 born)

Ver-born: kb.Ulstein (Johannes f.) Frå 1833 er foreldra namngjevne i kyrkjeboka ved dåp, fedrene ved gifte.

Bygdebøkene.

[44,45]

12. IVAR Knutson MOLDSKRED (Sundgot), f.27.5.1798 - d.22.3.1885
13. SYNNØVE Rasmusd. HOLSTAD (Sundgot), f.1803 - d.26.10.1885
gifte 1830, bygsla 1829 eit stykke (Legene) under Sundgot og Dimnasund (U4.433,44,Ha5.491)
Foreldre: nr.24-27 [88-91]

Born:

- I Knut Elias f.1831 (dp.24.2), g.1.1.1860 Karen Olsd. Berg f.1837, Raudøy, busett Helgeland.
II Rasmus Britanus f.26.1.1833 - d.30.8.1909 (av "blodforgiftning"), g.23.11.1862 Karen Larense Jonsd Brandal, f.1.11.1841 - d.11.7.1918, busett på Legene (U4.434,Ha5.68)
III Anne Marie f.29.4.1835 - d.8.9 (19 veker)
IV Andreas f.19.7.1836 - d.19.5.1858, kom bort på Svinøyhavet saman med fire andre frå Hasund og Sundgot. Høvedsmannen var Knut J. Hasund (U4.249, Folk ved havet 3.365)
V Martinus f.19.7.1836 - d.4.9 (7 veker)
VI Berte Maria f.31.1.1839 - d.30.7.1907, g.5.6.1861 Sivert Karl Jonson Garnes, f.24.1.1838 - d.30.10.1876, på Garnes bnr.1, 8 born. Oppattg. 21.11.1879 Isak Ivarson Moldskred (Garnes), f.2.10.1855 - d.16.6.1943, 1 barn (U4.164).
VII JOHANNES MARTINUS f.25.4.1841 - d.26.10.1937 (96 år) (=nr.6 [22], sjå ovanfor)
VIII Kristiane Gurine f.23.9.1843 - (d.e.1900), g.8.1.1871 Lars Mattias Rasmusson Nykremsholm f.6.5.1847 - d.5.2.1927, busett Kobbenes, Herøy (He2.522)

I folketeljinga 1865 finn vi Ivar 68 år og Synnøve 64 år som kårfolk på (Sundgot-)Legene hjå sonen Rasmus 33 år og kona Karen 25 år og to born. Johannes 25 år (nr.6 [22]) bur også på garden.

Kjelder:

Ivar: Ulstein.1833 (år for f., konf., g.), klb.Ulstein (d.), F1865

Synnøve: Ulstein.1833 (Synnøve manglar?), klb.Ulstein (d., der stend at ho er f. 1802, Liasetbakke)

Born: Ulstein.1833 (Knut f.), kb.Ulstein (Rasmus, Anne, Andreas, Martinus, Berte, Johannes, Kristiane f.; Knut, Berte, Johannes, Kristiane g.; Berte g2; Anne Marie, Martinus, Andreas d.), klb.Ulstein (Rasmus, Berte Marie d.) kb.Hareid (Rasmus g.)

Verborn: kb.Ulstein (Karen, Sivert f.; Sivert d.), klb.Ulstein (Karen d.)

Frå 1833 er foreldra namngjevne i kyrkjeboka ved dåp, fedrene ved gifte.

Folketeljinga 1900 (Herøy, Kobbeneset: Lars og Kristianne)

Bygdebøkene, Folk ved havet – fiskarsoge (har feil årstal for forliset i 1858).

[46,47]

14. ANDREAS Knutson LIASKAR (I.Steinnes), f.1816 (dp.10.11) - d.1.4.1904 (87 år)
15. ANNE KIRSTINE Jonsd. MELLE (I.Steinnes), f.1812 (dp.30.3) - d.11.2.1905 (nær 93 år)
gifte 6.7.1845 (V1.194,Ø.330,292,Ø1.648,531)
Foreldre: nr.28-31 [92-95]

ANNE KIRSTINE først gift 6.6.1834 Peder Rasmusson Steinnes f.1809 (dp.10.9) - d.15.12.1843
Peder kom bort i ein orkan på Rovdefjorden saman med faren og to andre frå Steinnes.
Faren Rasmus var frå Sørheim, son til nr.[184,185], sjå del 2.

Born:

(ANNE KIRSTINE og Peder):

- I Pernille f.25.10.1834 - d.10.11.1912 av lungebetennelse, g.17.5.1869 Sivert Matias Petersen Velle, f.9.4.1846, på Velle bnr.6 (Ø.153,Ø1.167).
II Anna Eline f.25.10.1836 - d.24.12.1921, g.7.7.1861 Lars Pederson Kleiven f.24.1.1833 - d.1923, busett Kleiva (U4.378).
III Rasmus f.10.4.1839 - d.11.1.1890, g.2.7.1865 Hansine Paulsd Indre-Lid, f.11.9.1838 - d.3.12.1914, dei tok over garden, 7 born. (Ø.330,Ø1.649,V1.62)
IV Johanne f.24.1.1840 - d.7.6.1878 (ugift)
V Anne Petrine f.15.11.1842 - d.21.7.1920 (av brystkrampe), g.3.7.1864 Peder Eliasson Velle, f.22.9.1839 - d.1.3.1904, på Hansgarden, Velle (bnr.1) (Ø.151,Ø1.159)

(ANNE KIRSTINE og ANDREAS):

- VI Peder Cornelius f.6.1.1846 - d.1.11.1850 (av strupehoste).
VII ANNE MARIE f.5.8.1848 - d.17.12.1937 (89 år) (=nr.7 [23], sjå ovanfor)
VIII Pernille Regine f.19.1.1851 - d.28.5.1917 av "nyresjukdom", g.17.6.1881 Paul Johannes Martinusson Steinnes, f.19.8.1853 - d.1940, på Ytre Steinnes, bnr.1. (Ø.332,Ø1.656)
IX Berte Kanutte f.10.10.1853 - d.1934, g.20.11.1883 Sivert Matias Steinarson Velle, f.3.4.1853 - d.3.8.1919. Han var hamnearbeidar (Ø1.182)
X Ivar Andreas f.1856, g.1887 Marie Eliasd. Nedre Liaset, Hareid, f.22.10.1860 (Ha6.410). Busett på Mo, 5 born (Ø1.243, Ø2.402).

Folketeljinga 1865, Indre Steinnes: Anders og Kristine, borna Ivar, Johane, Regine, Berte Kanutte og Rasmus med kona Hansine og ei dotter. Rasmus eig garden (etter faren)).

Kjelder:

Andreas: kb.Volda (dp., konf. 1831), kb.Ørsta (g., d.)

Anne Kirstine: kb.Volda (dp., konf. 1827), kb.Ørsta (g1, g2, d.)

Peder: kb.Volda (dp., g.), kb.Ørsta (d.)

Borna: kb/klb.Ørsta (f.; Anne Marie konf.; Pernille, Anne Eline, Anne Petrine, Pernille Regine, Berte Kanutte g.; Pernille, Rasmus, Johanne, Anne Petrine, Peder Cornelius, Pernille Regine d.), kb.Volda (Rasmus g.), kb.Ulstein(Anne Marie g.), F1900 (Mo, Ørsta: Ivar og Marie med 4 born)

Verborn: kb.Ørsta (Sivert M.P., Peder, Paul Johannes, Sivert M.S. f.; Peder d.), klb.Ørsta (Hansine, Sivert M.S. d.), kb.Volda (Hansine f.), kb.Ulstein (Lars f.)

Folketeljingane 1865, 1875 og 1900. Bygdebøkene.

:::TIPP-OLDEFORELDRE:::

[80,81]

16. VILLIK Pålson VEDELD (Djuvik), f.1757 (dp.21.3) - d.29.1.1821
17. RAGNHILD Jakobsd. BERKVIK (Djuvik), f.1754 (dp.28.4) - d.26.7.1824
gifte 11.6.1780, bygsla Djuvik bnr.4 i 1779 (He2.509,SR3.270,V1.85)
Foreldre: nr. 32-35 [160-163]

Born:

- I Pål f.1780 - d.9.9.1835, g.1807 enkje Margrete Nilsd. Fosnavåg (Teige), - d.17.11.1834,
dei hadde ein plass under prestegarden Raftenes (Stokksund). Pål var klokkar i Rovde,
lærar og forlikskommisær. (He3.124, Herøy-Bygdesoga 1 s.398)
- II Anne Marta f.1782 - d.1810
- III Hilde Villiche f.1784 - d.12.8.1869, g.1810 Robert Jonson Røyra, f.1781 - d.23.12.1866, i
Røyra bnr.1 (He1.505)
- IV Anne Jakobeia f.1786 - d.2.8.1841
- V Peder f.1788 - d.6.6.1849, g.1.1.1819 Berte Jonsd Remøy f.1780 - d.27.12.1857, på hennar
farsgard Remøy bnr.10 (He1.355)
- VI Johanne f.1791 (dp.27.3)
- VII VILLIK f.16.3.1793 - d.8.7.1856 (=nr.8 [40], sjå ovanfor)
- VIII Sivert f.1796 - d.27.1.1826, g.30.11.1823 Ingeborg Gurine Larsd. ??, f.1798, husmannsfolk
i Aurvåg (He2.604)
- IX Ole f.22.10.1799 - d.3.3.1874, g.(ca.1829) Petrine Olsd. Korsbrekke f.28.12.1802 -
d.6.10.1845 (4 born), g.1857 Marte Johannesh. Store Ryste, Ørsta, f.1812 - d.27.10.1873
(1 barn). Rydda ein plass, Brubakken, på Hareid (Ha5.180).

Folketeljinga 1801, Djuvik: Welech Poulsen, 45, bonde og gaardbeboer; Ragnhilde Jacobsd.,
hans kone, 46, begge i 1. ekteskap; Born: Marthe 18, Jacobea 14, Johanne 10, Peter 12, Welech
8, Sivert 5, Ole 1

Frå kyrkjeboka og folketeljinga 1801 veit vi at Villik og Ragnhild hadde ein son Villik. Innførsla
i Ulstein-protokollen frå 1833 fortel at denne Villik Villikson budde i Ulstein. Vidare fortel
bygslebrevet for Håheim i 1823 at Villik Villikson var frå Djupvik. Vi må kunne gå ut frå at
det er same personen. Slektskapen er altså dokumentert.

Kjelder:

Villik: kb.Herøy (dp.,d.), kb.Volda (trulova, g.), skifte etter mora, Marte Jørgensd. Vedeld
17.7.1760 (3 1/2 år), skifte etter faren Paul Sakariasson Vedeld 2.7.1777 (21 år, ugift).

Ragnhild: kb.Volda (dp., trulova, g.)

Borna: kb.Herøy (Villik, Johanne dp.; Peder g., Sivert/Simon g.), U1833 (Villik f.dag, dp.dag,
konf.år; Ole f.dag, dp.dag, konf.år), F1801 (Overvåg: Hilde, 17)

S.Sunnmøre Pantebok C, fol.12 (Bygselbrev Håheim, 1823)

Bygdebøkene.

Det er dokumentert at Villik Villikson Håheim (nr.8 [40]) er same person som Villik, son til
Villik og Ragnhild.

[82,83]

18. KRISTIAN Matiasson HÅHEIM, f.ca.1771 - d.15.2.1847
19. GJERTRUD Jensd. KORNBERG (Håheim), f.1763 (dp.1.1.1764) - d.27.5.1836
gifte 19.6.1796 (U4.149,V3.518).
Foreldre: nr. 36-39 [164-167]

KRISTIAN oppattgift 28.7.1837 Trine Jetmundsd Liadal, Ørsta, f.1786/87 - d.29.3.1842 (Ø1.33), og gift tredje gong 28.12.1844 enkje Brit Olsd Nes (f. Langvatn), Volda, f.1784 (dp.10.10). (V2.480,468)

Born:

- I MASSI f.24.4.1798 - d.25.4.1877 (=nr.9 [41], sjå ovanfor)
- II Andreas f.1806 - d.29.5.1879, g.1826 Synneve Hansd., Volda, f.1800 - d.3.10.1866. Oppattg. 1870 enkje Anne Karine Kolbeinsd Oksavik (Vålnes), Rovde, f. 1795 - d.16.6.1883. Busett på Eika (He3.364).
- III Marie f.1800 - d.1.6.1854, g. Pål Pålson Leikongbakken, f.1803 - d.5.12.1856. Busett på Slettebakk, Moltu (He3.254).

Folketeljinga 1801, Håheim: Christian Mathiæsen, husb, 30; Jensd, hans kone, 33, begge i 1. ekteskap; dotter Massi Margrethe Christiansd, 4; Mathias Andersen, husb, 70, snedker; Ane Margrethe Alexandersd., 56, husb. forældre, begge i 1. ekteskap.

Foketeljinga i 1801 og protokollen med innsamla opplysningar etter prestegardsbrannen i 1832 (Ulstein.1833) fortel at Kristian og Gjertrud hadde dottera Massi. Vilkårsbrevet 31.okt.1823 frå Villik Villikson til "min Værfader Christian Mathiasen og Hustrue Gjærtrud Jensdatter" (Villik tek over garden mot kår til verforeldra) dokumenterer at dette er den same Massi som nr.9[41] ovanfor.

Kjelder:

Kristian: kb.Ulstein (g2, d.), kb.Volda (g3); Ved gravferda er det ført i kyrkjeboka at Kristian var fødd på Kyrkjeeide i Stryn.

Gjertrud: kb.Volda (dp.), kb.Ulstein (d.)

Brit: kb.Volda (dp.)

Borna: Ulstein.1833 (Massi f.dag, konf.år)

S.Sunnmøre Pantebok C, fol.12 (Vilkårsbrev 1823)

Bygdebøkene (ifl. U4.149 er Gjertrud f. 27.12.1764).

Det er dokumentert at Massi Kristiansd. Håheim (nr.9 [41]) er same person som Massi, dotter til Kristian og Gjertrud.

[84,85]

20. JON Larsson BUEIDE (Osnes), f.1769 (dp.25.1) - d.1819 (sk.12.7)
21. LISBET Ivarsd. LANGVATN (Osnes), f.1769 (dp.24.9) - d.29.4.1869
gifte 26.7.1795, br.Osnes 1806 (U3.294,V2.524,476)
Bygdeboka fortel om at Jon dreiv til havs med båtlaget i eit uvêr. Etter mykje strev
kom dei i land langt mot nord. Han fekk ein helseknek av dette.
Foreldre: nr. 40-43 [168-171]

LISBET oppattgift 1820 Rasmus Knutson Roppen f.1791 (dp.1.4) - d.24.1.1874 (ikkje born).

Born:

(JON med Marte Jonsd. Kalvatn):

- I Brite f.1793 - d.1873, f. i Volda g.1819 Ole Olson Osnes f.3.4.1791 - d.5.1.1858, plasselfolk
på Vågelegene (U4.542). I 1865 bur Brite hjå dottera Berte (ugift) på Grimbergård,
Borgund

(JON og LISBET):

- II Serine Malene f.13.9.1795 (dp.20.9) - 7.6.1877, g.1819 enkjem. Peter Nilson Skeide,
f.25.5.1782 - d.21.6.1859, på Skeide bnr.5 (U3.226)
- III Lars f.1802 (dp.21.2) - d. ung
- IV Anne f.1803 (dp.9.10) - d. ung
- V LARS ANDREAS f.1807 - d.2.7.1884 (=nr.10 [42], sjå ovanfor)
- VI Ivar f.1809, var jakteskipper, busett i Bergen.
- VII Andreas f.1813, var sjømann, d. i Kristiania
- VIII Bernt f.1816, kom bort på sjøen.

Kjelder:

Jon, Lisbet: kb.Volda (dp., trul., g.), kb.Ulstein (Lisbet d.), F1801 (34 og 31 år), F1865 (Lisbet
98 og Rasmus 75, sjå under nr.10,11[42,43])

Rasmus: Ulstein.1833 (dp., konf. år, g. år – ikkje namn på ektemake), kb.Ulstein (d.)

Born: kb.Volda (Serine, Lars, Anne dp.), Ulstein.1833 (Serine f.dag, konf.år, g.år; Lars
Andreas f., konf. år), kb.Ulstein (Lars A. g., Serine, Lars A. d.); Ivar, Andreas og Bernt er
utelatne i Ulstein.1833 – kanskje fordi dei ikkje budde i prestegjeldet i 1833. F1865 (Borgund,
Grimmergaard: Brit), F1865 (Bergen, Nykirkens sogn: Iver Johnsen, ”logerende Sauer” [Sjauer,
Skipper?], enkemann, 55 år (f.1811), f. i Ulstein prg. – kan vere den same som Ivar ovanfor)
Verborn: Ulstein.1833 (Ole Olson f., konf. år, g. år)

Bygdebøkene.

Det er dokumentert at Lars Jonson N.Rise (nr.10 [42]) er same person som Lars, son til Jon
og Lisbet.

[86,87]

22. OLE GULLIK Rasmusson N.RISE, f.12.10.1773 - d.25.8.1844

23. ANNE Paulsd. BIGSET (N.Rise), f.24.12.1785 - d.21.11.1859

Bygsla N.Rise bnr.1 etter faren i 1802. Ole drukna/forliste i Hareidsvika (Ha6.72,33)

Foreldre: nr. 44-47 [172-175]

Born:

I BERTE GURINE f.7.9.1809 - d.28.2.1849 (=nr.11 [43], sjå ovanfor)

II Ane Pauline f.feb.1812 - d.10.1.1888, g.14.6.1840 Johannes Johannesson Hovset, f.1.2.1811 - d.26.2.1877, bygsla Vik bnr.4 i 1839, 5 born (U3.453,550).

III Serine Eline f.21.1.1819 - d.1870, g.22.6.1845 Rasmus Rasmusson Ulstein f.1815 - d.1877, busett på Skår i Syvde (U3.142, Syvde.84).

IV Peder Elias f.9.4.1823 - d.13.10.1879, g.5.7.1846 Pernille Nikoline Petersd. Skeide, f.5.6.1826 - d.6.12.1911. Dei kjøpte farsgarden i 1844, 9 born (Ha6.73).

V Johannes Andreas f.29.4.1826 - d.5.1.1912, g.8.7.1855 Pernille Pedersd. Brandal, f.29.4.1831 - d.3.8.1917, busett på Brandal, 3 born. (Ha5.57)

VI Oline Regine f.16.5.1834 - d.22.5.1849

Kjelder:

Ole, Anne: kb.Ulstein (Ole d.), kb.Hareid (Anne d.)

Born: Ulstein.1833 (Berte Gurine, f.dat, konf.år; Ane f.år, konf.år; Serine f.dat; Peder f.dat; Johannes f.dat), kb.Ulstein (Oline f.; Berte Gurine, Ane, Serina, Peder g.), klb.Ulstein ((Ane) Pauline d.), kb.Hareid (Johannes g.; Oline d.)

Verborn: kb.Ulstein (Johannes d.)

Bygdebøkene.

Det er dokumentert at Berte Gurine Olsd. N.Rise (nr.11 [43]) er same person som Berte Gurine, dotter til Ole og Anne her.

[88,89]

24. KNUT Jonsson MOLDSKRED, f.1765 - sk.1817
25. BRITE Rasmusd. LIADAL (Moldskred), f.1766 (dp.15.2) -
 gifte ca.1793, Knut bygsla Moldskred i 1791 etter faren. (U4.44, Ø.102, Ø1.28)
 Foreldre: nr. 48-51 [176-179]

BRITE oppattg ca.1819 Lars Larson I.Dimmen f.1791 - d.9.7.1865 (dei hadde ikkje born)

Born:

- I Anne f.1794 - d. før 1817
- II Johanne f.mai.1797 - d.10.6.1868, g.1924 Johannes Olsson Røren, f.29.9.1796 - d.12.6.1846, busett i Dimna (Indre, bnr.6, U4.527)
- III IVAR f.27.5.1798 - d.22.3.1885 (=nr.12 [44], sjå ovanfor)
- IV Rasmus f.1799, ikkje nemnd i skiftet i 1817 (må vere død)
- V Ingeborg f.1801 - d.23.6.1846, g. Knut Kristenson Osnes, f.1801 - d.26.4.1876, busett på Saure i Sande (Sa1.244,U3.277).
- VI (Anne) Marie f.1803 - d.2.5.1833, g.10.2.1833 Ivar Ivarson Tarberg, Herøy, f.11.2.1811 - d.21.2.1864. Han tok over garden i 1832. Dei hadde eitt barn, Ivar, fødd tre veker før ho døydde. (U4.45)
- VII Knut f.1807 - d.30.12.1889, g. (1831/32) Anne Jonsd. Melbø, Vartdal, f.1780 - d.22.11.1855, enkje på Hovset (bnr.2). Ingen born. Dei brukte denne garden til 1839. Knut kjøpte Moldskred i 1848, og flytta til ein plass der, medan systermannen bygsla resten av garden. (Det står meir om Knut i U3.555, U4.45-46,49)

Skifte 11.8.1817 etter Knut, arvingar: enkja Brit Rasmusd., born: 1. Ivar 19 år; 2. Knut 10 år; 3. Johanne 21 år, 4. Anne Ingeborg 13 år; 5. Anne Marie 13 år; ikkje fleire arvingar. Buet brutto 109-4-14, netto 75-2-10, omkost. 12-3-18, til utdeling 62-3-16.

Folketeljinga 1801, Moldskred: Knut Jansen, husb., 36; Brith Rasmusd., hans kone, 37, begge i 1.ekteskap; Born: Ane 7, Johanne 5, Iver 3, Rasmus 2; Ane Pedersd., husb. moder, 78, enke e.1.e., inderste vanfør.

Kjelder:

Knut, Brite: F1801, skifte 1817, kb.Volda (Brite dp.) Lars: kb.Ulstein (d.)

Born: Ulstein.1833 (Johanne f.mnd, konf.år, g.år; Ivar f.dag, konf.år, g.år; Knut f.dag, dp.dag;

hine borna manglar), kb.Ulstein (Johanne d., (Anne) Maria g.,d.)

Bygdebøkene.

Folketeljinga 1801, skiftet i 1817 og Ulstein-protokollen frå 1833 fortel at Knut og Brite har ein son Ivar f.1798. Eg har ikkje sett noko samtidig dokument som fortel at Ivar Knutson Sundgot (nr.12 [44]) er den same personen. Kyrkjeboka fortel ved gravferda at Ivar Knutson Sundgot var fødd på Moldskred; oppgjeve fødselsår er 1799. Vi veit også at eitt av barna til Ivar, Johannes Garnes (nr.6 [22]), levde heilt til 1937 og kan ha gjeve opplysingar til Johan Haddal og andre som samla slektsdata i 1920 og -30-åra.

Eg har ikkje funne samtidig dokumentasjon for at Ivar Knutson Sundgot (nr.12 [44]) fødd på Moldskred, er same person som Ivar, son til Knut og Brite på Moldskred. Men vi kan rekne med at når bygdeboka seier det er slik, byggjer det på opplysningar frå barn og bygdefolk.

[90,91]

26. RASMUS Rasmusson NEVSTAD (Holstad), f.2.10.1761 - d.15.12.1846

27. INGEBORG Paulsd. VIK (Holstad), f.2.5.1771 - d.12.7.1841

Budde på Øvre Liaset frå ca. 1790 (Ha6.397), flytta til Holstad (bnr.3) i 1804
(Ha5.491,Ha6.117,U3.459)

Foreldre: nr. 52-55 [180-183]

Born:

- I Rasmus f.24.11.1794 - d.10.4.1874, g. Katarina (Larsd.,Olsd.?) - d.13.11.1826 (3 born), oppattg. Marie Larsd Dimmen, f.12.7.1797 - d.5.3.1866, (1 barn), busett på Gråtane, Hareid (bnr.19). (Ha5.196 - det står meir om Rasmus og far hans der)
- II (Lisbet) Marie f.1796 - d.13.7.1869, g.25.6.1837 Søren Jensson (Johannesson?) Kiperberg, Borgund f.1817 - d.9.12.1891. Dei tok over garden, bygsel frå Hareid kyrkje.
- III Ingeborg f.1798, d. som barn
- IV Ane Margrete f.23.3.1799, g.10.1.1836 enkjemann Samund Olson Holstad, f.1780 - d.16.3.1866, på Holstad bnr.4. Dei hadde ein son, Johannes, f.1823. (Ha5.496)
- V Ingeborg f.5.9.1801
- VI Anders f.12.3.1802, han var truleg den same som Anders på Grimstad bnr. 7; - d.26.12.1885, g.Karen Olsd Blomvik, f.1800 - d.16.10.1884 (Ha5.538)
- VII SYNNØVE f.1803 - d.26.10.1885 (=nr.13 [45], sjå ovanfor)
- VIII Lars, f.1806, gift i Bergen
- IX Johannes, g.Marta Olsd Solmund, busett på Holstad.
- X Elisa f.1814
- XI (Ane) Serine f.15.9.1816 - d.21.4.1907, g.2.7.1843 Knut Paul Larsson Skeide f.3.10.1822 - d.22.5.1872, (U3.215). Dei budde i Åsen (Dimnasund), som på den tida var ein plass under prestegarden. (U4.402)

Dette er etter bygdeboka, Folketeljinga 1801 gjev andre opplysningar om barneflokken:
F1801 Lieseth: Rasmus Rasmussen husb 39 bonde og gaardbeboer, Ingebor Povelsd hans kone 28 begge g. 1. gong; born: Povel 8 [f.1793], Rasmus 7 [f.1794], Morten 1 [f.1800], Maria 5 [f.1796], Ane 5 [f.1796], Ingebor 4 [f.1797]

Protokollen som vart skriven etter folk sitt minne etter prestegardsbrannen i 1832 har med desse borna:

Rasmus f.24.11.1794 konf.1811, Lisbeth Maria f.20.2.1795 konf.1814, Ingeborg Gurine Johanne f.2.6.1798 konf.1817, Ane Margrete f.25.2.1799 konf.1815, Ingeborg Gurine Johanne f.1801 (ikkje dato) konf.1820, Anders f.12.3.1802 konf.1825 g.1829 (berre årstal, ikkje ektemake), Johannes f.6.12.1809 konf.1825, Ane Sirine f.15.9.1816 konf.1831 [legg merke til at etter dette vart begge Ingeborg'ene konfirmerte]

Dei som ikkje er nemnde her er SYNNEVE, Lars og Elisa i bygdeboka, og Paul og Morten i folketeljinga 1801. Vi har altså ikkje "offisielle" opplysningar som direkte knyter "vår" Synneve til Rasmus og Ingeborg Holstad. Men Synneve Rasmusd. Sundgot er gravlagd i 1885, med fødestad Liasetbakken 1802. Rasmus sjølv døydde på Sundgot, og det finst knapt andre

grunnar til at han skulle bu der, enn at han hadde eit barn der.

Sidan folketeljinga er ei samtidig kjelde, er ho nok mest pålitande. Men Paul (Povel) og Morten kan vere døde før 1833, eller dei kan ha reist frå prestegjeldet. Protokollen frå 1833 inneheld minst ein sikker feil: Det er berre 3 månader mellom Rasmus og Lisbet Maria. Bygdebokskrivaren har også hatt andre kjelder: I Ha5.196 er det attgjeve opplysningar Johan Haddal fekk frå Rasmus E. Hareide (1861-1920) i 1919. Han var soneson til Rasmus, nr.I i lista ovanfor. Eitt av barna til Synneve, Johannes Garnes (nr.6 [22]), levde til 1937 og kan ha gjeve opplysningar til Johan Haddal og andre som samla slektsdata i 1920 og -30-åra.

Det finst ikkje (offentleg) skifte etter Rasmus eller Ingeborg.

Kjelder:

Rasmus, Ingeborg: Ulstein.1833 (f., dp., konf.), kb.Ulstein (d.)

Borna: Ulstein.1833 (Rasmus f., konf.; Lisbet Maria f., dp., konf.; Ingeborg f.,dp.,konf.; Ane Margrete f., dp., konf.; Ingeborg Gurine Johanne f.,konf.; Anders f., dp., konf., g.; Johannes f., dp., konf.; Ane Sirine f., konf.); kb.Ulstein (Ane Margrete, Lisbet Maria, Serine g.)

Folketeljinga 1801

Skifteprotokoll Søre Sunnmøre (ikkje sk. etter Rasmus eller Ingeborg). Bygdebøkene (feil død-sår for Rasmus og Ingeborg).

Eg har ikkje funne samtidig dokumentasjon for at Synneve Rasmusd. Sundgot (nr.13 [45]) er er dotter til Rasmus og Ingeborg. Vi må kunne rekne med at når bygdeboka seier det er slik, byggjer det på opplysningar frå barn og bygdefolk.

[92,93]

28. KNUT Pederson SØRHEIM (Liaskar), f.1781 (dp.15.4) - d.4.6.1856
29. ANNE Gabrielsd. LIASKAR, f.1779 (dp.16.5) - d.16.11.1859
 gifte 2.7.1804, bygsel 1803, skjøte 1821 (V1.195,Ø.325,Ø1.638)
 Foreldre: nr. 56-59 [184-187]

Born:

- I Gabriel Johannes, f.1805 (dp.25.8) - d.7.10.1893, g.2.7.1837 Anne Sevrine Albrights. Berkvik, f.1815 - d.3.12.1906. Tok over garden på Liaskar, 7 born (V1.195,V1.83)
- II Ingeborg Sisilia f.1807 (dp.8.11) - d.11.9.1887, g.2.1.1833 Ivar Styrkarsson Berkvik, f.1802 - d.6.12.1859. Busett Berkvik, 8 born (V1.83).
- III Peder f.1811 (dp.17.2) - d.5.12.1871, g.12.7.1840 Marie Pedersd. Hovden, Hareid, f.1810 - d.16.8.1887. Busett Hareid, 10 born (Ha5.219).
- IV Berte Oline f.1813 (dp.30.5) - d.18.11.1893, "Gaaet vill i Snetykke og faldt i en Grøft" (ugift, opphaldsstad Rødset). Ho budde hjå systera Anne Olave. I Rotsetsoga (V2.231) heiter det at ho "budde og på Leite, men drukna i Myra ein vinterkveld då ho skulle gå til Øvre Rotset".
- V Anders f.1815 (dp.1.10) - d.16 veker (jordfesta 29.12)
- VI ANDREAS f.1816 (dp.10.11) - d.1.4.1904 (87 år) (=nr.14 [46], sjå ovanfor)
- VII Johanne f.19.7.1820 - d.26.7 (8 dagar)
- VIII Anne Olave f.(30.9?).1821 - d.22.4.1907, g.2.7.1861 Andreas Andersson Rødset-Leite, f.1814 - d.15.12.1883 (av "lungebetændels"). Plasselfolk på Leite, Rødset (Rotset) (V2.231). I 1900 fekk/måtte ho flytte stova si til Engeset, der ho fekk kår (V1.266).

(Berre Gabriel er med i Volda-boka under Liaskar)

Kjelder:

Knut, Anne: kb.Volda (dp., trul., g., d.), F1801 (21 og 22 år)

Borna: kb.Volda (dp./f.; Gabriel, Ingeborg, Anne g.; Gabriel, Ingeborg, Berte, Anders, Johanne, Anne d.), kb.Ørsta (Andreas g., d.), kb.Ulstein (Peder g.), kb.Hareid (Peder d. - feil år i bygdeboka), F1865 (Liaskar: Gabriel og Ane med 4 born; Rødset: Anne Olave og Andreas; Hareid: Peder og Marie med 3 born), F1875 (Rødsetleite: Ane Olava og Andreas, Berte Olina), F1900 (Håmyr/Engeset: Ane Olave)

Verborn: kb.Volda (Ane Severine, Ivar, Andreas d.) Foreldra er nanmngjevne ved dåp/fødsel; fedrane ved gifte.

Bygdebökene.

Vi kan rekne det som dokumentert at Andreas Knutson Steinnes (nr.14 [46]) er den same som Andreas, son til Knut og Anne.

[94,95]

30. JON Ellingson MELLE, f.1769 (dp.23.4) - d.28.12.1848
31. ANNE LISBET Nilsd. DIGERNES (Melle), f.ca.1785 - d.8.1.1853
gifte 21.10.1804, (\varnothing .292,320, \varnothing 1.531,624)
Foreldre: nr. 60-63 [188-191]

JON først gift 5.7.1801 Anne Lisbet Larsd Melle f.ca.1766 - d.14.2.1802 (ikkje born) (\varnothing .292, \varnothing 1.531,532)

Born:

- I Elling f.1806 (dp.18.5) - d.8.12.1885, g.24.6.1841 Berte Karine Jonsd Krøvel, f.16.5.1820
- d.1.12.1882, dei tok over garden, skjøte tinglyst 1.8.1849.
II Anne Lisbet f.1807 (dp.24.5) - d.1808 (jordfesta 1.5).
III Albright f.1808 (dp.24.7) - d.18.11.1895 ("Brænde inde"), g.20.1.1839 Ane Kanutte Knutsd Hagen, f.1806 (dp.14.12) - d.7.12.1882. Busett Hagen (\varnothing .121, \varnothing 1.87).
IV Nils f.1809 (dp.6.8) - d.27.1.1895, g.22.1.1843 Oline Olsd Ryste (Sporstøyl), f.25.1.1820
- d.14.12.1890. Busett Sporstøyl (\varnothing .286, \varnothing 1.512,531).
V ANNE KIRSTINE, f.1812 (dp.30.3) - d.11.2.1905 (nær 93 år) (=nr.15 [47], sjå ovanfor)
VI Steinar f.11.8.1823 - d.3.11.1903, g.2.7.1854 Ragnhild Sarine Ivarsd Velle f.2.7.1832 -
d.22.4.1897. Busett Velle (\varnothing .157, \varnothing 1.180)

Det vart ikkje halde offentleg skifte etter Jon. Men i skjøtet til eldstesonen Elling er det referert til eit minneleg oppgjer i dødsbuet mellom enkja Ane og arvingane "Albright Johnsen Hagen, Niels Johnsen Sporstøel, Andreas Knudsen Stennes. De 3 sidste m.f.P. [med ført Penn]. ... Stener Johnsen Melle." Skjøtet er tinglyst 1.8.1849.

Kjelder:

Jon, Anne: kb.Volda (g, d.; Jon g1, dp.), F1801 (32 og 17 år)

Anne Lisbet: kb.Volda (g, d.)

Borna: kb.Volda (dp.; Anne Lisbet d.), kb.Ørsta (alle g.; Elling, Albright, Nils, Anne Kirstine, Steinar d.)

Ver-born: kb.Volda (Berte, Oline f.; Ane dp.), kb.Ørsta (Ragnhild f.; Berte, Ane, Oline, Ragnhild d.) Frå 1801 er begge foreldra namngjevne ved dåp/fødsel; fedrene ved gifte frå 1832. Søre Sunnmøre Pantebok.

Bygdebøkene.

Det er dokumentert at Anne Kirstine Jonsd. Steinnes (nr.15 [47]) er same person som Anne Kirstine, dotter til Jon og Anne.

.....